



# Øystre Slidre kommune

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
ROGAST - 16/975

Arkiv:  
033

Vår dato:  
16.02.2016

## Protokoll frå møte i eldrerådet den 08.02.16 kl. 10.00 - 12.00

Til stades:

Frå rådet: Torleiv Sigurd Høvi, Solveig Rydland, Gunnar Berg, Marit Synnøve Opheim Østli, Edgar Linn.

Andre: Astrid Rogne (sekretær) og Steinar Nybråten (sak 4)

### Sak 1/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart einstemmig godkjent.

### Sak 2/16 Godkjenning og underskrift av protokoll frå 16.11.15

**Vedtak:**

Protokollen vart einstemmig godkjent. Leiaren i rådet og Marit Synnøve vart valde til å underskrive protokollen.

### Sak 3/16 Referatsaker

- Revisjon av reglement (KS-082/15)
- Høring, Statens Seniorråd
- Oppland fylkes eldreråd
- Heggenes i sentrum. Framtidas verksted v/Gunnar

**Vedtak:**

Referatsakene vart tekne til etterretning. Oppsummeringsnotat frå Asplan Viak om framtidswerkstedet den 25. november 2015 blir lagt ved protokollen. Det skal innkallast til nytt møte i eldrerådet når det er noko nytt å informere om vedk.omsorgstun.

**Sak 4/16****Orienteringar**

Steinar Nybråten orienterte frå området helse og omsorg. PP blir vedlagt protokollen. Steinar seier seg villig til å stille på møter i eldrerådet når rådet ynskjer det. Meld inn aktuelle tema på førehand.

Frå ordsiftet:

- Ventetid og belegg på sjukeheimen: Klarar å «ta unna» og gje avlastningstilbod
- Bemanning i Moavegen 25: Frå mars.
- Festus: Det er ynskjeleg med innsamling dersom det er interesse for det. Festus er viktig og bilen tek til å bli dårleg. Vedlikehald og sjåfør er ei kommunal oppgåve. Positivt om eldrerådet tek ei rolle i innsamling til ny bil.
- Budsjett 2016: Budsjettet for 2016 er for lågt i forhold til rekneskapstala for 2015. Eldrerådet kan ta høgde for eit budsjett for 2016 på til saman kr 53.000,- Dette er 3 % påslag på rekneskapstala frå 2015.

**Sak 5/16****Aktivitetsplan 2016**

Forslag til aktivitetsplan:

- Bygging av helsetun
- Eldredagen (FN sin internasjonale eldredag den 1. oktober kvart år.
- Innsamling til ny «Festus»
- Den kulturelle spaserstokken
- Datakurs (Biblioteket)
- Omvisning: Sjukeheimen/boligar, VLMS
- Ha god kontakt med pensjonistlaget
- Informasjon om helse- og omsorgsplanen

**Vedtak:**

Aktivitetsplanen vart einstemmig godkjent. Gunnar tek eit ansvar når det gjeld datakurs. I tillegg til oppsatt aktivitetsplan vart det eit tillegg: Korleis kan eldrerådet brukast i forhold til våre flyktningar? Innspelet blir overlevert til vår integreringskonsulent.

**Sak 6/16****Årsmelding 2015**

Tore Gran vil utarbeide forslag til årsmelding for tida fram til nytt val av eldreråd.

**Vedtak:**

Sekretæren samordnar / lagar forslag til årsmelding for 2015 til neste møte i eldrerådet.

Dato: \_\_\_\_\_

-----

-----